Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85 | Fylke: Möre og R.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vanylven.

Emne: Tradisjoner. | Bygdelag: Syltefjorden

Oppskr. av: Hans Vidnes. | Gard: Vidnes

(adresse): Fiskåbygd | G.nr. 24 Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ukjent. 2 Ukjent. 3 Her vart det rekna som vanhelging av dagen. 4 Visse reglar ukjent, men sterk reaksjon mot dyr=plaginga. 5 Det var vanleg å gøyme bort börsa og lotyet for barn. 6-7 Her er så lite å jakte på at slike ~~magiske~~ varsel er ukjende no. 8 Ukjent. 9 Ukjent. 10 Ukjent. 11 Ukjent. 12 Ukjent. 13 Bestemor mi gjætte. Då såg ho eit brunt dyr i flokken, og meinte det var ei kvige, ~~Men~~ for det gjekk og beitte i lag med dei andre dyra. Men så fikk ho sjå det var ein bjørn. Då vart ho „klumsa". (stiv, ikkje av stand å röre seg eller tale) Men bjørnen for bort utan å röre henne eller kyrne.

166732

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2) 14 Eld var vanleg hjelperåd. 2

Bestefar fortalde om då dei „laga manngard mot ulven". „Garden" byrja ute på Horda, (Halvöya mellom Vanylvsfjorden og Syvdefjorden). Så drog dei innover gjennom bergsida, og visstnok over fjellet og. Dei huja, skreik og skaut, og jaga han såleis føre seg innover. Komne inn i indre Syltefjord, sette dei opp ein ulvegard: eit snøre, eller, han sa det var ein ulltråd, bunde fast til stauran, frå sjøen opp i fjellet. Ulven torde ikkje gå under tråden, meinte dei. Om dette verkeleg vart gjort nokon gong, veit eg ikkje. 15 Ukjent. 16 Ukjent. 17 Ukjent. 18 Han Ola Lilleeide, storskrönar, vid-gjeten, (f. 1815 d. 1907), fortalde:

„Da va einj gång e va oppå Rengefjellja. Då kom e på einj orm som låg å bles i Gjøsrasteinn (?: ukjend tyding no). Då vilde e ha istra ta 'nå, men e hadde-'kje kniv. Då to e å smidde

16732

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mi ein trekniv å skar
istra to 'nå'. Dette viser
dei gjorde magisk bruk av
istra på arm; men til kva
veit eg ikkje. 19 Sjå 14:
 ? -Kor högt
frå jorda tråden skulle
hengje, veit eg ikkje. 20 Ukjent.
21 Eg har visstnok opp-
skriven ein stad ei slik
fe-bön, men det var mot
sjukdom. Diverre ligg ho
ikkje for hand her. Det
var ei heil regle, utruleg
barnsleg. 22 Så seint som
kring 1910, skulle Svarteboka
vere brukt her, til å finne
att bortkomne sauer i fjellet.
Men guten og systera vart
sinnssjuke, som fylgje av
det, heittest det. 24 Det
fanst folk som kunne
„stanse tjuven", men
ukjent når det galdt rovdyr.
25 Ukjent. 26 Ukjent. 27 Ukjent.
28 Ukjent. 29 Ingen soge
akkurat om den siste, eller
fleire. Bestemor: Ein mann sikta
på bjørnen, men børsa
klikka. Då kom bjørnen

16732

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4) og mannen visste seg ingen anna råd enn å „leggje seg daud". Björnen kom, lukta på mannen, men gjorde han ingen ting, og så tok han til å grave ei hole. Då björnen var komen djupt nok, nådde mannen i börsa si, og sa: „Du lagar ei grav åt meg, men hu 'ska verte åt däi", han skaut og björnen fekk det. 30. Det auka kanskje med reer, elles ikkje. Men viltet fekk ei fredningstid, så det auka, såleis hjort, oter, orre, hare og noko rupe.

16732

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING